

Vår ref.:
20/01295-7

Dato:
23.09.20

Referat IDF - møte 6/20 (21.09.2020)

møtets varighet og stad: 13.15 – 13.40, på teams

Til stades:

Arbeidsgjevar:

Berit Rokne	Rektor
Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Wenche Fjørtoft	Avdelingsleiar HR
Linn Melby Meyer	HR rådgjevar / referent

Arbeidstakar:

Ingrid Råheim Grønsdal	Utdanningsforbundet
Thomas Arnesen	Utdanningsforbundet (bisittar)
Pål Albert Olsen	Akademikerne
Nina Samnøy	Akademikerne (bisittar)
Kari Smørås Brakstad	Parat
Kristin Lofthus Hope	Forskerforbundet
Tone Skjerdal	NTL
Torill Irene Olesrud Fjørtoft	Norsk Sykepleierforbund
Karin Bell	Hovudverneombod

Sakliste

FASTE PUNKT

26/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

INFORMASJONS- /DRØFTINGSSAKER –

27/20 Saker til styremøte

Rektor deltok i møte for å gå igjennom styresakene

45/20 – Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll

46/20 – Forslag til revidert Utviklingsavtale

Rektor orienterte.

FF viser til at det er eitt dokument som er prega av fleire ulike mål som vi skal oppnå. Stiller spørsmål om kva ein eigentleg skal måle og korleis skal HVL få dette til å henge saman på ein god måte?

Rektor viser til at det er kvantitative mål som er forventa i rapportert på, men at ein må kunne skissere dei prosessane for vidare målsettingar.

NTL viser til at utviklingsavtalen er det den er. Det viktigaste er at vi får fram det som er spesielt for høgskulen på Vestlandet, slik at utviklingsavtalen ikkje vil vere lik dei andre institusjonane og deira mål. Viktig å framheve mål 1.2 – stimulering gjennom delte stillingar med arbeidslivet og mål 2.2 robuste campus.

UDF viser til dei opphavelige måla og ser det er annleis formulert i dei justerte måla. Her står det «andelen» digitale vurderingsløysingar, som er noko betre en «antal». Likevel er det eit kvantitativt mål og UDF tenker det i staden bør knytast til utdanningskvalitet.

Rektor viser til at ein nok må liste opp digitale vurderingsløysingar, men viser samstundes til at HVL må sjå på om det er hensiktsmessige vurderingar knytt opp mot utdanningane.

NTL viser til at det er eitt forelda punkt, etter at HVL har fått ein omlegging til nye digitale løysingar. Rektor viser til at det no er andre problemstillingar nytt til digitale verktøy og digitale vurderingsløysingar enn det som var ment når målet var lagt inn i utviklingsavtalen.

Rektor tek til etterretning at det er litt lag på lag i målstrukturane, men viser til at det er viktig å få fram fleire av måla ved rapportering til departementet.

O-38/20 – Styresak – Samhandlingsmedlingen 2020

Rektor orienterte kort.

O-39/20 – Styresak – Orientering frå rektor – styremøte 06/20

Rektor orienterte kort.

28/20 Eventuelt

Tidsplan Lønnsforhandlingar 2020 – organisasjonsdirektøren viser til at det er brot i forhandlingane i Staten. Det vert avklart at arbeidsgjevar vil vente med å sette opp justert plan for gjennomføring av eventuelle lokale forhandlingar til vi har fått oversikt/ informasjon frå forhandlingane sentralt.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskreven signatur.